
Den gode allmennpraksisen - norske pasientar sine vurderingar og prioriteringar

ARTIKKEL

KVAMME OJ

HJORTDAHL P

Sammendrag

Forfattarane tek del i ein europeisk studie som tek føre seg pasientevalueringar av allmennpraksis. Formålet med studien er å utvikla eit valid, reliabelt og brukarvenleg spørjeskjema som kan brukast til å fange opp pasientevalueringar av allmennpraksis i europeiske land. Vi valde i samråd fem viktige område for kvalitet på allmennpraksis: allmennpraktikaren sitt faglege arbeid, forholdet mellom pasienten og legen, informasjon og støtte til pasienten, tilgjenge til praksisen og til legen og organisering av praksisen.

På denne bakgrunnen konstruerte vi eit spørjeskjema for å fange opp pasientane sine vurderingar, prioriteringar og rangeringar av kjenneteikn som viser kvalitet på allmennpraktikaren og på allmennpraksisen. 12 strategisk valte praksisar, frå by, tettbygd strøk og landsbygd, deltok i studien. Av 830 utdelte skjema mottok vi 431 (52%).

Resultata viser at norske pasientar verdset høgt tilgjenge, kontinuitet, respekt, teieplikt, fagleg god kunnskap og informasjon. Desse funna kan brukast i kvalitetsutvikling av allmennpraksis.

Publisert: 10. august 1997. Tidsskr Nor Legeforen.

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 14. juli 2026.